

Gygre stolen



Gygre stolen har til alle tider vore eit kjent landemerke for folk i Bø. Ikkje bare er Gygre stolen med ura og dei to kjempeblokkene ein heilt spesiell og særeigen fjellformasjon i vår del av landet, men det knyter seg også segner til stolen og ura. Det var her Gygra satt da ho i sinne over at kristendommen kom til Bø kasta fleire kampesteinar etter Gårakyrkja. Ho trefte ikkje og gav seg etter ei stund, men steinane som ho kasta, kan ein sjå den dag i dag. Segna seier at ein dag skal stolen rase ut i Uvdalstjønn, og vatnet stige til trammen på Uvdal gard – og da er det slutt på verda.

Turen

Oppstiginga til Gygre stolen er tung. Stien går først forbi tuftene etter den gamle husmannsplassen Kleiva, og følgjer deretter ein gammal og fint oppmura hesteveg og bratte sva opp mot Svarttjønn. På vestsida av Svarttjønn ligg Svarttjønnhola, ei underleg hole i to etasjar med fin utsikt mot tjønna. Etter den siste kneiken er vi oppe på Gygre stol fjellet. Er veret fint, kan vi ta ein liten avstikkar til Venetjønn og ta oss ein avkjølande dukkert før vi går fram på stupet. Ute på stupet mot stolen møter vi eit storslått utsyn mot Uvdal og Uvdalstjønn. Elles stikk mindre gardar, husmannsplassar og blinkande vatn seg fram i landskapet.

Tilbaketuren legg vi mot vest. Ved postkassa til Bø Turlag tek vi stien til høgre. Stien fører oss ned i gammal skog med kvitrande fugleliv. Litt lenger framme kan vi ta ein avstikkar opp til Maurknatten. Herifrå har ein den beste utsikta mot ura og dei ville stupa under Gygre stolen.



Venetjønn mot Liffjel.l (Foto Arne Hjeltnes)



Gygre stolen frå ura. (Foto Arne Hjeltnes)

Geologi

Gygre stolen med den storsteina ura nedunder er ein heilt spesiell og særprega fjellformasjon. Den er eit naturhistorisk dokument med stor naturfagleg verdi. Fjellgrunnen er gneisgranitt med tydeleg oppsprekking på tvers av fjellryggen. Oppsprekkinga og urdanninga er truleg eit resultat av frostsprenging og forvitring ved slutten av siste istid. Formasjonen har stor opplevingsverdi og har gjennom tidene sett folkefantasier i sving. Segna om Gygra er velkjent, og hjørnesteinane i Bø gamle kyrkje skal ha kome frå Gygre stolura. I dag er Gygre stolen eit mykje nytta og populært område for fjellklatring.

Vegetasjon

Vegetasjonen i ytterkant av ura har eit visst urskogpreg. Liene nedanfor har ein artsrik flora av kalkkrevjande, varmekjære arter og innslag av edellauvskog med lind.

Turlengd: Ca 7 km. Gåtid ca 3 timar.

Høgdeforskjell: 350 meter.

Vanskegrad: Middels til tung. Krev godt fottøy. Noen våte myrar.